

UB-statistikken

2019

Nøkkeltal og utvikling på områda:

 Personale og økonomi

 Bøker og tidsskrift

 Bruk av biblioteket

 Fagleg aktivitet

Innhold

1	BAKGRUNN	3
2	PERSONALE OG ØKONOMI	4
	Årsverk, stillingsgrupper og kjønnsbalanse	4
	Sjukefråvær	5
	Budsjett nøkkeltal for UiT og UB (budsjett og fordeling av midlar)	6
	UBs kostnader på lønn & drift, husleige og litteratur	7
	Litteraturkostnadene (bøker/tidsskrift og vitenskapfelt)	8
	Nasjonale indikatorar (UiT/UB vis-à-vis andre universitet)	9
3	BØKER OG TIDSSKRIFT	11
4	BRUK AV BIBLIOTEKET	13
	Det fysiske biblioteket (besøk og brukarplassar)	13
	Nettenester (UBs nettsider, Oria/Biblioteksøk og sosiale medium)	15
	Bruk av dei fysiske samlingane (utlån, fjernlån og innlån)	16
	Bruk av dei elektroniske samlingane (fulltekst- og multimediedatabasar og andre databasar)	19
5	FAGLEG AKTIVITET	20
	Undervising og rettleiing	20
	Nettkurs	21
	Result, nøkkeltal	21
	Formidling og publisering	22
	Open vitenskap	24
	x Publiseringfondet	24
	x Open Access, utvikling (på UiT og per fakultet)	24
	x Munin, bestandsutvikling	25
	x Septentrio Academic Publishing (SAP), status	26
	x Open Research Data	27
	x Munin-konferansen	28

1 BAKGRUNN

Denne rapporten gjev ei talbasert oversikt over utvalde ressursar, aktivitetar og resultat på Universitetsbiblioteket (UB) ved UiT Noregs arktiske universitet (UiT). Rapporten skal bidra til eit faktabasert grunnlag for strategiske og formålstenlege vurderingar og avgjerder i organisasjonen.

Rapporten presenterer nøkkeltal for 2019 og inntil ti år tilbake i tid. I løpet av desse åra har UiT vore gjennom fleire samanslåingar. I 2009 blei UiT slått i hop med Høgskolen i Tromsø, og då blei biblioteka knytte til lærar-, ingeniør- og kunstfagutdanningane innlemma i UB. I 2013 fusjonerte UiT med Høgskolen i Finnmark, og då kom også Alta- og Hammerfestbiblioteket til. Same året blei Ressurssenter for undervising, læring og teknologi (Result) ved UiT ein del av UB. I 2015 blei UiT slått saman med høgskulane i Harstad og Narvik, og året etter blei følgjeleg fagbiblioteka på desse lærestadene ein del av UB. Desse samanslåingsprosessane har naturlegvis påverka talmaterialet .

Rapporten hentar tal frå fleire kjelder, og kvaliteten på datagrunnlaget varierer. På nokre område er det operert med delvise eller estimerte tal; dette er spesifisert undervegs. Merk òg at rapporten ikkje gjev eit utfyllande bilete av *all* verksemd ved UB. Eksempelvis er aktivitetar/felt som prosjekt- og utviklingsarbeid, sakshandsaming og forskning/formidling ikkje fullt ut dekte av rapporten.

2 PERSONALE OG ØKONOMI

Årsverk, stillingsgrupper og kjønnsbalanse

Ved utgangen av 2019 hadde Universitetsbiblioteket i alt 110,62 årsverk. Dette omfattar alt utført arbeid, inkludert av mellombels tilsette i engasjement og prosjektstillingar.¹ Dette er ein auke på eitt årsverk frå 2018. Den samla årsverkproduksjonen ved UiT gjekk i same periode opp frå 3511 til 3649 (+ 138).


Talet på årsverk ved UB har vore svakt stigande dei siste åra, men effekten av alle samanslåingane gjer det vanskeleg å teikne eit eksakt bilde bakover i tid. Frå 2016 (etter siste fusjon) til 2019 er auken i årsverk ved UB på 3,9 %. Det tilsvarande talet for UiT samla sett er +6,0 %.

Årsverkproduksjonen ved UiT og ved UB dei siste ti åra:

Årsverk ved UiT og UB	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
UiT Noregs arktiske universitet	2 475	2 534	2 568	2 613	2 908	3 083	3 444	3 487	3 511	3 649
Universitetsbiblioteket (UB)	68,57	71,44	74,07	89,97	89,85	101,82	106,47	106,62	109,62	110,62

Kjelde: NSD/DBH

Diagrammet nedanfor viser korleis årsverka ved UB har fordelt seg på tre hovudgrupper av stillingar dei siste ti åra.² Som vi ser, har talet på leiarårsverk har låge stabilt i heile denne perioden.



Tabellen øvst på neste side inneheld eksakte tal på årsverk per kjønn for 2017-2019. Kvinnedelen blant UB-tilsette ser ut til å halde seg høg, sjølv om dette talet var enda høgare for ti år sidan (i 2010 sto kvinnene for 74 % av det samla årsverket ved UB).


¹ I 2019 var talet på årsverk utført av mellombels tilsette 10,22. Desse årsverka inngår i totalen på 110,62.

² Stillingsgruppa **Bibliotekar-, tekniske og administrative stillingar** inkluderer bibliotekar, hovudbibliotekar, spesialbibliotekar, overingeniør, senioringeniør, førstekonsulent, konsulent, seniorrådgjevar, seniorkonsulent, rådgjevar og sekretær. **Undervising, forskning og formidling** omfattar tilsette med stillingstittel professor, førsteamanuensis, førstebibliotekar, stipendiat, universitetsbibliotekar og universitetslektor. **Leiarstillingar** inkluderer avdelingsdirektør, instituttleder, seksjonssjef og underdirektør.

Årsverk per stillingsgruppe	2017			2018			2019		
	Årsverk	Kvinner	Menn	Årsverk	Kvinner	Menn	Årsverk	Kvinner	Menn
Bibliotekar-, tekniske og administrative stillingar	76,3	55,8	20,5	78,3	54,1	24,2	77,8	55,9	21,9
Undervising, forskning og formidling	24,3	11,5	12,8	25,3	13,5	11,8	26,8	16	10,8
Leiarstillingar	6,0	4,0	2,0	6,0	4,0	2,0	6,0	4,0	2,0
Til saman	106,6	71,3	35,3	109,6	71,6	38	110,6	75,9	34,7
Kjønnsbalanse (kvinnedel av talet på årsverk)	66,9 %			65,3 %			68,6 %		


Sjukefråværet

Grafen og tabellen nedanfor viser sjukefråværet i 2019 fordelt på kjønn og lengd.



2019	1-3 dgr	4-16 dgr	> 16 dgr	Tilfelle	Dagsverk	Samla
Kvinner	1,41 %	0,55 %	4,66 %	213	1 051	6,62 %
Menn	0,61 %	1,07 %	1,52 %	77	246	3,20 %
Totalt	1,15 %	0,72 %	3,63 %	290	1 297	5,51 %

Utvikinga i sjukefråværet sidan 2017 er illustrert nedanfor (fordelt på lengd).




Budsjett (alle tal i 1000 kr.)

Økonomiske nøkkeltal (budsjett) for UiT og UB går fram av tabellen nedanfor. 2010 er tatt med for å illustrere den nominelle auken i tiårsperioden.

Budsjettnøkkeltal for UiT og UB	2010	2015	2016	2017	2018	2019
UiTs midlar til fordeling	1 711 266	2 386 330	2 924 313	3 291 559	3 174 754	3 320 826
Samla tildeling til UB	74 962	106 412	117 067	119 202	126 996	142 379
UBs del av UiTs midlar til fordeling	4,38 %	4,46 %	4,00 %	3,62 %	4,00 %	4,29 %
Total budsjettramme for UB	104 429	108 227	115 188	123 908	126 996	157 508
Budsjettert til lønn og drift	66 271	62 336	64 873	70 408	72 076	100 237
Budsjettert til litteratur og spes. formål	38 160	50 131	50 318	53 500	56 400	57 271


UB sin budsjettandel av UiTs samla midlar til fordeling i siste tiårsperiode er vist i linjediagrammet nedanfor (svarer til prosentatsen i tredje linje i tabellen ovanfor).



Kostnader (alle tal i 1000 kr.)

Nøkkeltal frå UB-rekneskapen (kostnader) for dei siste åra er samla i tabellen og diagrammet nedanfor. Kostnadene er fordelte på tre hovudkategoriar.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Lønn & drift	43 054	48 687	59 343	61 169	67 726	73 544	85 364
Husleige	28 853	30 336	32 840	32 501	32 501	28 181	30 603
Litteratur	40 987	44 835	46 902	50 708	51 992	55 819	58 080
Totalt	112 894	123 858	139 085	144 378	152 219	157 544	174 047




Litteraturkostnadene (alle tal i kr.)

Tabellen nedanfor spesifiserer litteraturkostnadene for dei siste tre åra.


	Bøker 2017	Bøker 2018	Bøker 2019	Tidsskrift 2017	Tidsskrift 2018	Tidsskrift 2019
Litteratur felles	2 300 000	2 535 402	2 097 976	3 420 000	2 971 184	3 116 680
Humaniora	1 240 000	1 279 363	1 368 221	4 220 000	4 420 422	4 567 826
Samfunnsvitskap	1 670 000	1 591 346	1 633 757	7 740 000	8 131 685	8 554 703
Matematikk og naturvitskap	311 000	366 950	293 709	11 280 000	11 262 933	12 205 416
Medisin	450 000	469 018	706 975	13 370 000	14 987 378	15 486 598
Teknologi	350 000	322 483	145 076	3 150 000	4 059 311	4 319 235
Landbruks- og fiskerifag	30 000	7 158	15 064	1 040 000	1 061 376	1 182 519
Totalt:	6 351 000	6 571 720	6 260 778	44 220 000	46 894 289	49 432 977

Kostnadsbildet for kjøp av bøker og tidsskrift er òg vist grafisk i figurane på neste side.


Litteraturkostnader - bøker/tidsskrift



Bokkostnader per vitenskapskategori






Tidsskriftkostnader per vitenskapskategori



UiT/UB vis-à-vis andre universitetsbibliotek (nasjonale indikatorar)

I figurane nedanfor er tre nasjonale indikatorar samanlikna for eit utval av universitetsbibliotek i Noreg.






3 BØKER OG TIDSSKRIFT

Talmaterialet i dette kapittelet fortel korleis bok- og tidsskriftsbestanden til UB har utvikla seg dei seinaste åra. For bøker har vi sikre data som strekkjer seg langt tilbake, medan tidsskriftbestanden er godt dokumentert berre sidan 2016. For både bøker og tidsskrift skil vi mellom trykte (p = papir) og elektroniske (e) versjonar.

Bøker


Tabellen og diagrammet nedanfor viser den fysiske og den elektroniske bokbestanden i tal på eksemplar. Dei stipla linene i figuren viser lineær trend. Frå 2017 inkluderer e-bokbestanden berre bøker som UB eig, dvs. at bøker som er tilgjengelege men ikkje er kjøpte ikkje lengre er med i oversikta. E-bokbestanden har lenge vist ein aukande tendens – truleg mykje fordi UB allereie i 2011 vedtok å gå for elektroniske framfor trykte bøker viss mogleg. Tilsvarande har tilveksten i papirbokbestanden vore beskjeden og flata ut. I sum har bestanden av fysiske og elektroniske bokressursar har nærma seg mykje raskare enn tidlegare framskrivingar varsla, og UBs mengd av elektroniske bokressursar passerte i 2019 for første gang bestanden av trykte bøker.



	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Papir	751 625	771 221	781 284	763 411	745 537	754 445	779 620	786 010	787 481	791 631
Elektr.	318 589	399 743	425 478	474 439	517 336	536 281	452 609	430 018	648 616	812 221
Totalt	1 070 214	1 170 964	1 206 762	1 237 850	1 262 873	1 290 726	1 232 229	1 216 028	1 436 097	1 603 852

Tidsskrift



Illustrasjonen nedanfor viser utviklinga i tidsskriftbestanden målt i tal på titlar. Kvart tidsskrift er her altså berre talt éin gong same kor mange abonnement/behaldningar UB har. Vi har dessverre ikkje pålitelege tal på tidsskrift for tida før 2016. Når det gjeld p-tidsskrift, følgjer vi no den offisielle FFB-statistikken (Fag- og forskingsbibliotek) og rapporterer (frå 2018) berre titlar med aktive abonnement. Dette m.a. for å gjere samanlikningar av p- og e-tidsskrift meir reelle. Denne endringa forklarar den brå nedgangen frå 2017 til 2018 i bestanden av p-tidsskrift. Dei stipla linene i figuren viser den lineær trenden. Allereie i 1999 vedtok UB å velja elektroniske framfor trykte tidsskrift der det var mogleg. Som ein kan sjå, er bestanden av papirtidsskrift på veg ned, medan auken i e-tidsskrifttitlar er markant og stabil.




4 BRUK AV BIBLIOTEKET

Det fysiske biblioteket (besøk og brukerplassar)


Dei tre stolpediagramma nedanfor summerer opp besøket ved UBs 11 utlånstader gjennom 2019. Besøket på utlånstader der besøksteljarane ikkje fungerte heile året, er i figurane representerte med snitt-tal frå månader der teljarane var aktiverte. Besøksstatistikken er følgjeleg ikkje 100 % eksakt, men gjev alt i alt eit tilfredsstillande oversiktsbilde.





Brukarplassar


UB kunne ved utgangen av 2019 tilby brukarane sine 1 567 arbeidsplassar. Det er 49 fleire plassar enn i 2018. Auken har kome ved Altabiblioteket (+41) og Musikkbiblioteket (+8). Diagrammet nedanfor viser fordelinga av brukarplassar mellom alle utlånsstadene.



Nettenester (UBs nettsider, Oria/Biblioteksøk og sosiale medium)

UBs nettsider³ hadde 2 945 684 sidevisningar i 2019. Dette er 3,7 % fleire enn året før. Dette inkluderer ikkje bruk av Oria/Biblioteksøk, som er omtalt i neste avsnittet. Som tidlegare år, er sidevisningstala noko usikre pga. mogleg robottrafikk og diverse hol i bruksstatistikken for enkelte nettsider som UB administrerer (eksempelvis under domenet site.uit.no). Vi manglar òg påliteleg statistikk på bruken av UBs engelskspråklege sider (under en.uit.no).

Linjediagrammet og tabellen nedanfor spesifisere bruken av **Oria/Biblioteksøk** i 2019 og dei fem føregåande åra.



	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Besøk		134 536	280 338	321 554	381 748	403 094
Enkelt søk	187 056	380 720	681 974	718 081	716 837	665 653
Avansert søk	14 538	32 850	47 359	46 129	56 393	47 198

UB er òg representert på fleire *sosiale medium*.


- ❖ **Facebook:** UB hadde ved utgangen av 2019 1 917 følgjarar (ein oppgang på 237 gjennom året).
- ❖ **Twitter:** UB hadde på same tidspunkt (31.12.2019) 783 følgjarar (ein auke på 102 gjennom året).
- ❖ **Instagram** formidlar ingen historisk bruksstatistikk, men på vårparten i 2020 var talet på UB-følgjarar 537 (målt 17.04.2020).

³ Nemninga **UBs nettsider** omfattar sider som høyrer til under uit.no/ub, result.uit.no, munin.uit.no, septentrio.uit.no og andre sider på ub.uit.no.

Bruk av dei fysiske samlingane (utlån, fjernlån og innlån)

Utlån


Utlån av bibliotekets fysiske ressursar har gått og går jamt nedover. Det årlege, samla utlånet frå UB har dei siste ti åra lege på mellom ca. 85 000 og 100 000. I 2019 var utlånstalet 82 838. Linjediagrammet viser denne fallande tendensen, og tabellen nedanfor spesifiserer utlånet på kvart UB-bibliotek for kvart år i perioden. Medan den generelle utviklinga er klar nok, ser vi at biblioteka i Alta og Hammerfest og på Kunstakademiet og Universitetsmuseet hadde vekst i det fysiske utlånet i 2019.



	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Alta				3 627	13 591	12 599	10 403	10 177	10 000	11 219
Hammerfest				759	3 250	3 648	2 840	3 048	2 516	2 554
Harstad							9 644	9 110	9 168	8 795
Ingeniør og samtidskunst	1 956	1 673	1 209	1 055	558					
Kultur og samfunn	52 665	42 582	43 544	39 972	35 247	33 557	24 346	23 157	23 152	22 262
Kunstakademiet					111	103	68	218	144	217
Lærarutdanning	10 787	10 102	10 022	9 893	10 503	9 990	8 982	9 326	9 196	8 901
Museum	3 619	3 152	3 456	2 892	3 058	2 226	1 348	1 661	1 129	1 214
Musikk	5 177	4 791	4 825	5 185	4 598	3 996	3 583	3 924	4 001	3 637
Narvik							7 374	4 872	4 327	4 051
Natur og helse	15 868	20 762	20 534	18 870	18 387	17 338	14 833	15 190	14 293	14 159
Psykologi og jus	7 632	8 808	7 798	6 667	7 438	6 328	5 277	5 675	6 716	5 829
Totalt	97 704	91 870	91 388	88 920	96 741	89 785	79 618	86 358	84 642	82 838


Fjernlån

Som for vanlege utlån til primærbrukarane, har òg fjernutlånet til andre bibliotek vist ein markant og fallande tendens over fleire år. Som vi ser av diagrammet nedanfor og kurveutflatinga mot høgre, ser denne utviklinga ut til å ha bremsa opp etter 2016.




Det er (som tidlegare år) Kultur- samfunnsfagbiblioteket som står for brorparten av fjernutlånet, nærmare bestemt 3122 i 2019 (49 % av totalen). Kunstakademiets bibliotek ekspederte færrest fjernlån i 2019 (32), men hadde gjengjeld den største prosentvise auken frå 2018 (+ 167 %).

Også utsending av artikkel- og bokkapittelkopiar til andre bibliotek er på kraftig retur, som vist nedanfor. Som for det ordinære fjernutlånet av bøker, har òg den kraftige reduksjonen i talet på utsende kopiar før 2016 stoppa meir eller mindre opp etterpå – i alle fal slik tala ser ut per i dag.




Innlån

Det samla innlånet av (hovudsakleg) bøker frå andre bibliotek viser den same utviklinga som ordinært utlån og fjernlån, dvs. ein sterk reduksjon fram til 2016, deretter utflating. UBs innlån i 2019 var på berre 20,7 % av kva det var i 2010.



2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
5 661	5 146	4 307	4 397	3 791	2 228	1 227	1 203	1 356	1 174


Talet på mottekne kopiar i 2019 var litt høgare enn i dei tre føregåande åra, som vist nedanfor.




2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
3 128	2 333	2 038	1 649	1 337	1 244	606	705	640	728

Bruk av dei elektroniske samlingane

Fulltekst- og multimediedatabasar er samlingar av originaldokument, til dømes bøker, periodikum, rapportar, tidsskriftartiklar, musikaliar, kartografiske og grafiske dokument og AV-dokument, der heile eller vesentlege delar av dokumenta er tilgjengelege elektronisk. Stolpediagrammet nedanfor viser tal på søk og nedlastingar/straumar i desse databasane dei siste fire åra. Som vi ser auka talet på søk mykje mellom 2018 og 2019 (opp 118 767, dvs. + 104 %). Søk er definert som ei unik spørjing frå ein brukar til ein database, og blir registrert kvar gong eit søkjespørsmål vert sendt til serveren. Nedlasting/straum er definert som ei vellukka nedlasting eller avspeling av eit elektronisk dokument til lagring, visning på skjerm, lytting eller utskrift.



Andre databasar er til dømes referansedatabasar, bibliografiske databasar, oversikter/katalogar, leksikon, ordbøker, lovtekstar, finans- og statistikkdatabasar osv. Bruk av eigen bibliotekatalog er ikkje med. Grafen viser tal på søk i desse databasane i 2016 og i 2018-2019 (vi manglar tal for 2017).




5 FAGLEG AKTIVITET

Undervising og rettleiing

Tal på kurs

Tilsette på UB er engasjerte i ei rad ulike former for opplæring gjennom undervising, rettleiing og informasjonsformidling. Grafen nedanfor illustrerer omfanget av UBs formaliserte kursverksemd på to nivå. *Grunnivå* omfattar bachelorstudentar og kurs som er opne for alle. *Avansert nivå* er undervising retta mot master- og ph.d.-studentar og tilsette. UB heldt i alt 328 kurs i 2019, mot 335 kurs året før. Mengda undervising på våren og hausten var cirka like stor.



	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Grunnivå	65	104	120	171	178	134
Avansert nivå	17	109	102	118	157	194
Totalt	82	213	222	289	335	328

Tal på deltakarar

Talmaterialet indikerer at det òg i 2019 var fleire deltakarar på UB sine kurs samanlikna med året før. Dette er i så fall heilt i tråd med det som har vore den generelle utviklinga over fleire år. Men, nokre unøyaktige registreringar igjennom året gjer at er deltakartalet på grunnivå i 2019 litt usikkert. Det er ein ambisjonen at alle registreringar som har med kurs og undervising å gjere skal bli enda eit hakk meir pålitelege neste år.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Grunnivå	1777	3308	3846	5456	4976	5400
Avansert nivå	165	1452	1272	1638	2503	2716
Totalt	1942	4760	5118	7094	7479	8116

Arbeidstimar

Tabellen gjev eit bilde på kor mange arbeidstimar som årleg går med til formalisert undervising og rettleiing. I 2019 svara denne innsatsen til om lag 2 315 arbeidstimar. Dette er ein svak oppgang på 2,3 % frå 2018.

	2016	2017	2018	2019
Undervising (inkl. for- og etterarbeid)	1 419	1 863	2 100	2 121
Rettleiing	124	192	164	194
Totalt	1 543	2 055	2 264	2 315

Undervisingstimar

Talet på undervisingstimar er alltid lågare enn talet på arbeidstimar, ettersom ein reknar tre arbeidstimar per undervisingstime. Som ein kan sjå var undervisingstimetallet i 2019 berre marginalt høgare enn året før.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Grunnivå	140	176	162	364	355	290
Avansert nivå	37	273	311	257	345	417
Totalt	177	449	473	621	700	707

Nettkurs

iKomp er eit UB-utvikla nettkurs i informasjonskompetanse, om særleg kjeldebruk og læringsstrategiar. Det har vore og er særst populært. I 2019 var det så mange som 1 679 personar som gjennomførte og sto på eksamen i kurset.

Plagiat er eit kurs i førebygging som rettar søkjelyset mot metodar som kan hindra at studentar bevisst tyr til plagiat eller umedvite endar opp med å plagiere. På dette nettkurset gjekk talet på deltakarar markant ned i 2019, utan at det er så heilt lett forklare bakgrunnen for dette. Nedgangen kan kanskje ha ein samanheng med kor mange tilsette/undervisarar som har oppnådd pedagogisk basiskompetanse.

Eksakte tal for påmelde og uteksaminerte på desse to nettkursa er spesifiserte i denne tabellen:

[iKomp]		2016	2017	2018	2019	[plagiat]		2017	2018	2019
Påmelde	norsk	1 623	2 151	2 298	2 250	Påmelde	norsk	104	102	38
	engelsk	310	106	150	144		engelsk	15	47	10
	totalt	1 933	2 257	2 448	2 394		totalt	119	149	48
Utskrivne kursbevis	norsk	1 173	1 384	1 462	1 606	Utskrivne kursbevis	norsk	38	38	9
	engelsk	22	32	66	73		engelsk	5	13	2
	totalt	1 195	1 416	1 528	1 679		totalt	43	51	11

Result – nøkkeltal

Result (Ressurssenter for undervising, læring og teknologi) er ei avdeling under UB som bistår fagmiljøa på universitetet med å utvikle vidare undervisnings- og læringskvaliteten. Oversikta øvst på neste side summerer opp nokre av kjerneaktivitetane som Result prioriterte å bruke ressursane sine på i 2019.

Kvalifisering	
Kvalifiseringskurs - universitetspedagogisk kompetanse:	
Antall kurs:	1
Omfang:	150 timer (høst/vår)
Antall deltakere fullført:	50
Kurs i forskningsveiledning:	
Antall kurs:	1
Omfang:	100 timer (høst/vår)
Antall deltakere fullført:	50
Workshop - sakkyndighetsarbeid (vurdering av utdanningsfaglig kompetanse):	
Antall kurs:	1
Omfang:	12 timer (høst/vår)
Antall deltakere:	15
Utviklingsstøtte	
Workshops for hele/deler av fagmiljø innen tema som "Studentaktiv læring", "Bruk av digitale verktøy i undervisningen", "Flipped Classroom", "Utvikling og bruk av flervalgsoppgaver" og "Produksjon og bruk av video":	
Antall workshops i 2019	10
Antall deltakere:	8 - 50 deltakere
Utredninger/evalueringer	
Utredning av Institutt for helse- og omsorgsfag. Sluttført i 2019	
Utredning av praksis mht. vurdering av betydning av utdanningsfaglig kompetanse ved tilsetning i faglege stillingar. Sluttført 2019	
Evaluering av det skolebaserte kompetanseutviklingsprogrammet SkoleVFL 2.0. Eksternt oppdrag for Utd.dir. Fullført desember 2019.	

I tillegg til kvalifiseringstiltak, utviklingsstøtte og evalueringsarbeid som dokumentert her, driv Result med pedagogisk og læringsrelatert video- og filmproduksjon. Omfanget av dette i 2019 var som følger:

Video- og filmproduksjon, 2019	Oppdrag	Timar
Studioproduksjon	154	471
Filming utanfor studio (læremiddel m.m.)	47	159
Totalt	201	630

Formidling og publisering


Tabellen nedanfor viser den totale formidlings- og publiseringsaktiviteten til UB-tilsette i åra 2010-2019. Samla sett er nedgangen i 2019 på 8,6 % samanlikna med året før; det er særleg reduksjonen i talet på føredrag som trekkjer ned. Elles er auken i mediebidrag frå berre eitt i 2018 til seks i 2019 markant.

Kategori	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Bok	2	3	2	6	3	4	1	5	1	1
Del av bok/rapport	3	4	8	20	9	14	15	3	4	7
Føredrag	16	23	23	24	59	76	59	60	49	37
Informasjonsmateriale			1			2	5	2		1
Kunstnarleg produksjon		1	1		3			1	1	
Mediebidrag	1		2		7			1	1	6
Omsetjingsarbeid								1		
Produkt						4	2	1		
Rapport/avhandling	4	9	5	6		10	10	6		3
Tidsskriftpublikasjon	12	15	21	20	31	19	21	18	24	19
Utstilling				2	1				1	
Totalt	38	55	63	78	113	129	113	98	81	74

Kjelde: Cristin


Publikasjonar og publiseringspoeng

I offisielle statistikkar er det berre teljande/poenggivande publikasjonar som blir rekna med. For UB sin del er desse tala summerte opp nedanfor (2016-19). I 2019 var 12 av 16 publikasjonar tidsskriftsartiklar; dei resterande fire var antologikapittel. Som ein ser av grafen til høgre, kan utrekna publiseringspoeng variere ein god del frå år til år, og poenga er ikkje lineært kopla til talet på godkjende publikasjonar.



Kjelde: NSD/DBH

For å få eit samanlikningsgrunnlag mellom avdelingar/fakultet i sektoren er det vanleg å sjå publiseringspoeng opp mot talet på fagårsverk og førstestillingar ved dei same einingane. Nedanfor er UBs publiseringresultat for åra 2016-2019 vist grafisk ved sida av tilsvarende tal for fem utvalde UiT-fakultet.



Kjelde: NSD/DBH

Open vitskap

UB skal vera ein nasjonal og internasjonal pådrivar i arbeidet for open vitskap (jf. Strategi for UB 2018-2022). Nedanfor talfestar vi noko av aktiviteten til UB på dette området.

Publiseringsfondet

UB forvaltar UiTs publiseringsfond, som gjev støtte til dekning av utgifter til forfattarbetaling i tidsskrift med open tilgang («Open Access»). Fondet blei etablert for å kunne følgje opp etableringa av UiTs OA-retningslinjer i 2010. Tabellen nedanfor viser kor mykje støtte fondet har gjeve i perioden 2011-2019, både i tal på publikasjonar og kronebeløp.

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Publikasjonar	23	38	69	94	98	134	164	199	141
Beløp (i 1000 kr)	157	326	737	1 233	1 453	2 253	2 834	4 469	4 682

Open Access


Open Access (OA) handlar om å gjera vitskapelege dokument opne og tilgjengelege for alle. Gjennom forvaltninga av UiTs kunnskapsarkiv Munin og UiTs OA-publiseringsløyising Septentrio bidrar UB til at forskingspublikasjonar frå UiT blir gjorde fritt tilgjengelege. Tala nedanfor seier noko om kor langt UiT og fakulteta har kome i dette arbeidet – og kor mange av UiTs vitskapelege publikasjonar som er ope tilgjengelege. Talet på artiklar totalt er DBHs tal på artiklar som UiT er «med på». Gull-OA artiklar er her artiklar i tidsskrift som er opne. Total OA er tal på artiklar som er gjorde tilgjengelege i Munin, medan grøn OA er talet på artiklar i Munin som ikkje er gull-OA, altså artiklar i abonnementstidsskrift som vi har kunna gjere tilgjengelege.

Avd. v/ UiT	Publiserte artiklar				Artiklar med fulltekst				Total OA-del per fakultet	
Adm	1				1				100,0 %	
Helsefak	808				703				87,0 %	
NT-fak	320				270				84,4 %	
HSL	320				270				84,4 %	
BFE	317				292				92,1 %	
Jur.fak.	22				22				100,0 %	
IVT-fak	50				48				96,0 %	
TMU	48				30				62,5 %	
UB	12				12				100,0 %	
UiT totalt	1898				1648				86,8 %	

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Totalt tal på artiklar for UiT	1059	1194	1285	1284	1361	1533	1637	1663	1819	1868
Gull-OA-artiklar	84	131	216	209	277	315	379	398	579	594
Gull-OA i % av total OA	7,9%	11,0%	16,8%	16,3%	20,4%	20,5%	23,2%	23,9%	31,8%	31,8%
Total OA	113	253	316	343	463	530	625	998	1212	1613
Grøn OA (eigenarkivering)	29	122	100	134	186	215	246	600	639	1019
Total OA-del	10,7%	21,2%	24,6%	26,7%	34,0%	34,6%	38,2%	60,0%	66,6%	86,3%
Grøn OA i %	2,7%	10,2%	7,8%	10,4%	13,7%	14,0%	15,0%	36,1%	35,1%	54,6%

Munin, bestandsutvikling

UB forvaltar Munin, kunnskapsarkivet til UiT. Arkivet starta opp i 2006. Figuren nedanfor viser bestandsutviklinga dei siste ti åra gruppert etter publikasjonstype.



I Munin blei det i 2018 registrert 1 934 064 sidevisningar (eksl. nedlastingar), 913 598 postvisningar og 3 127 428 filnedlastingar. Automatisk trafikk («bot-trafikk») er forsøkt halden utanfor – sjølv om vi ser ein del trafikk som neppe er menneskegenerert. Desse tala er difor nokså rettleiande.

Septentrio Academic Publishing, status

UB forvaltar UiTs publiseringsteneste, Septentrio Academic Publishing (SAP), som gjev ut tidsskrift og seriar med tilknytning til UiT. Den øvste tabellen gjev eit oversyn over innhaldet av tidsskrift og seriar i Septentrio per 2019, medan den nedste tabellen listar opp alle fulltekstnedlastingar i perioden 2013 til 2019.


Tidsskrift/serie	Nivå	Felt	I DOAJ	SAP-innhald frå
Borealis	1	Spansk lingvistikk	DOAJ Seal	2012
Målbryting	1	Norsk lingvistikk	Nei	1998
NAMMCO Scientific Publications	1	Nordatlantiske marine pattedyr	DOAJ Seal	1998
Nordisk tidsskrift for helseforskning	1	Helsefag	DOAJ Seal	2009
Nordlit	1	Litteratur- og kulturfag	DOAJ Seal	1997
Nordlyd	1	Lingvistikk	DOAJ Seal	2003
Poljarnyj vestnik	1	Slavistikk	DOAJ Seal	1998
Rangifer	1	Rein og reindrif	DOAJ Seal	1981
Sjuttonhundratal	1	Historie: 1700-tallet	Ja	2004
Aurorae Borealis Studia Classica	Nei	Historie: Vitskapshistorie	Nei	2016
Nordic Perspectives on Open Science	Nei	Open Science	Nei	2015
Open Science Talk	Nei	Open Science	Nei	2018
Proceedings of the Northern Lights Deep Learning Workshop	Nei	Dyplæring	Nei	2020
Ravnetrykk	Nei	Varia, humaniora	Nei	1997
Samisk senters skriftserie	Nei	Humaniora, samfunnsfag	Nei	2012
Septentrio Conference Series	Nei	Konferansepresentasjonar m.m.	Nei	2010
Septentrio Educational	Nei	Læremateriell m.m.	Nei	2001
Septentrio Reports	Nei	Rapporter, notata m.m.	Nei	2001

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Rangifer	129 234	5 035	3 163	93 763	80 971	79 955	156 670
Nordlit	70 644	2 273	3 053	66 293	56 260	71 201	104 772
Nordisk tidsskrift for helseforskning	30 110	729	2 246	30 937	39 214	40 250	57 089
Nordlyd	41 464	1 470	1 163	22 777	21 776	23 185	27 302
Sjuttonhundratal	4 445	179	653	20 690	17 005	23 022	52 095
NAMMCO Scientific Publications	1 923	148	539	13 628	13 215	16 565	21 958
Borealis	2 604	79	507	9 133	13 311	16 250	22 267
Septentrio Conference Series			220	8 907	10 693	12 729	29 523
Poljarnyj vestnik	4 252	110	249	9 104	8 948	7 557	13 113
Ravnetrykk			11	202	291	3 873	10 694
Septentrio Reports			95	1 083	1 671	2 780	6 536
Nordic Perspectives on Open Science				812	887	1 815	1 833
Septentrio Educational			28	981	1 217	920	2 591
Samisk senters skriftserie	817	18	26	775	591	755	859
Aurorae Borealis Studia Classica				49	223	300	1 085
Målbryting							4 683
Totalt	285 493	10 041	11 953	279 134	266 273	301 157	513 070

UiT Open Research Data

UB ivaretar òg UiTs arkiv for opne forskingsdata, **UiT Open Research Data**. Ved lanseringa i 2015 var dette det første institusjonelle forskingsdataarkivet i Noreg. Diagrammet nedanfor viser kor mange datasett som er publiserte kvart år, og i tabellen nedst på sida er alle publiserte datasett i perioden 2014-2019 grupperte etter hovudfagområde.

Som vi ser har publiseringsrata verkeleg skote i vêret etter 2017, og det må seiast å vere lovande for eit arkiv som kan bli ein kraftfull katalysator for ei meir systematisk behandling, ivaretaking og tilgjengeleggjering av forskingsdata i framtida.



Fagområde	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Totalt
Agricultural Sciences						1	1
Arts and Humanities (inkl. TROLLing)	21	11	19	12	11	11	85
Astronomy and Astrophysics						2	2
Business and Management			1		1		2
Chemistry				2	1	2	5
Computer and Information Science				1		4	5
Earth and Environmental Sciences			6	17	176	322	521
Mathematical Sciences					1		1
Medicine, Health and Life Sciences			7	16	3	13	39
Physics			1	3	92	286	382
Social Sciences			1	1	3	9	14
Totalt	21	11	31	36	196	353	648

Munin-konferansen

Munin-konferansen er ein konferanseserie om vitenskapleg publisering med fokus på open tilgang. UB har arrangert konferansen sidan 2006. Figuren viser kor mange deltakarar konferansen har hatt dei siste ti åra. I 2019 var den samla deltakinga på 180, og det var ein liten nedgang frå toppnoteringa så langt på 197 deltakarar i 2018.

